

Mozarts requiem og norsk samtid i Dyrkornkatedralen

Eli Kristin Hansveen - sopran, Magne Fremmerlid - bass, Turid Moberg - alt, Tim Lawrence - tenor
Kaunas City Symphony Orchestra, Edvard Grieg Kor, Edvard Grieg Ungdomskor, Odd Johan Overøye m. fl.
Kunstnarisk leiing (foto): Rune Bergmann og Nicolas Fink Scenografi: Elin Parr.

DYRKORNFABRIKKEN 9. AUGUST KL 2200

NB! Førehandsbestilling av billetter for denne førestillinga via Fjord Cadenza tlf. 466 51 225



Denne samproduksjonen mellom Kyrkjehola Kulturbeite og Fjord Cadenza er utan tvil den største satsinga i vår 15-årige historie. Kryss av datoen for ei augustnatt på Dyrkorn med fullt symfoniorkester, kor, solistar og sjølvaste Mozarts requiem – eit av dei vakraste verka vi har frå den klassiske perioden. Mellom solistane finn vi sopranen Eli Kristin Hansveen, finalist i Stjernekamp og til dagleg tilsett ved Den Norske Opera. Frå operaen kjem også bassgrunnfjellet Magne Fremmerlid. Korpartia tek eliteensemblen Edvard Grieg Kor saman med Edvard Grieg Ungdomskor frå Bergen seg av. I desse rekkjene har vi også glitrande solistar som mezzosopranen Turid Moberg og den britiske tenoren Tim Lawrence. Orkestret med sin maestro Rune Bergman

består av heile 40 profesjonelle musikarar frå Kaunas City Symphony Orchestra (Litauen). Musikarane er gjestar under årets Fjord Cadenza-festival. Kulturbeites Odd Johan Overøye er Fjord Cadenzas festivalkomponist i 2014. Hans innleiande stykke Arise, shine! for kor og orkester vil klinge som ein kontrast til Mozart. Dei to verka vil utfylle kvarandre tematisk og spinne ein raud tråd gjennom glede, sorg, trøyst og håp. Dyrkornfabrikken skriv seg frå Sunnmøres første industrieventyr og er eit staseleg bygg frå 1911 med søylegangar, bogar og ein akustikk som minner om katedralen. Når lokalet i tillegg blir styla med lys og spennande scenografi av Elin Parr, lovar vi ei lydleg og visuell oppleving du seint vil gløyme.



Sponsorar 2014:



SPAREBANKEN MØRE



Støtte frå offentlege instansar:



Møre og Romsdal
fylkeskommune



STORDAL KOMMUNE
- der folk trivst



NORSK KULTURRÅD
Arts Council Norway

Vi er og takksame for støtte frå



FORTIDSMINNEFORENINGA
Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring



NTNU
Det skapande universitetet

Kjære publikum!

Kyrkjehola Kulturbeite feirar i 2014 eit aldri så lite jubileum. I juni er det 15 år sidan vi inviterte til den aller første konserten i ei solvarm Prestestove. Heilt frå starten har vi lagt vekt på å vere ein triveleg, meiningsfull og utfordrande kunstarena med tydeleg identitet. Varemerket er ei fiberrik blanding av fortid og notid, gjerne i møtepunktet mellom musikken og andre kunststartar. Ei side av dette er også at vi nesten årleg har sett opp eigne produksjonar med tematikk og historie frå vår eigen landsdel. Eksempel på slike er installasjonen Harpeberget, diktartportrettet av Niels Olsen Svee og Gunnar Danbolts kunstreise gjennom Rosekyrkja.

Vi er i dag stolte av å ha etablert eit regionalt kulturprosjekt med heile Nordvestlandet som nedslagsfelt. Mangeårig støtte frå Norsk Kulturråd er også eit prov på at vi blir lagt merke til langt utover det lokale. Samtidig er vi djupt takksame for raus støtte frå Stordal kommune og for støtta frå alle andre som opp gjennom åra har stilt opp økonomisk, praktisk og moralsk i stort og smått.

Årets storsatsing, Mozarts requiem i Dyrkornfabrikken, er gjort mogleg gjennom eit omfattande samarbeid med Fjord Cadenza i 2014. Elles finn du ein god miks av ung profil og etablerte toppnamn; frå sesongopning med Annbjørg Lien til det bejubla prosjektet "Music for a while" som punktum.

Enjoy!

Med helsing frå styret



Kyrkjehola Kulturbeite

Føremål med programmet

- KKB ønskjer å markere seg som ein tydeleg og offensiv kulturinstitusjon med kontinuitet og ein klar kunstnarleg identitet som kjennemerke.
- Det kulturelle tilbudet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan musikk, litteratur, biletkunst, historie og folklore.
- KKB har som målsetting å stimulere til nyskaping i kryssingspunktet ord, bilete og musikk.
- KKB har eit ansvar for å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i Mørereigionen, og særskilt støtte lokale kunstnarar i etableringsfasen.
- Lokalt ønskjer KKB å vere eit tilskot til det frivillige kulturlivet og medverke til ei synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Førehandsbestilling av billetter:

På telefon 95 27 35 42: Du blir beden om å gi opp namn på arrangement, namnet ditt og talet på billetter.

E-post: Gjennom heimesida www.kyrkjehola.no eller på adressa billett@kyrkjehola.no Frist for bestilling: Dagen før arrangementet.

KYRKJEHOLA KULTURBEITE

STORDAL



PROGRAM SOMMAREN 2014

Annbjørg Lien & Roger Tallroth

ROSEKYRKJA 15. JUNI KL 19.30



Annbjørg Lien er kanskje Norges største eksportartikkel innan folkemusikk og verdsmusikk. Felespelaren frå Sula kryssar musikalske sjangergrenser med den største eleganse. Ho har gjort talrike soloalbum og er tildelt ei rekkje høghengande prisar for sitt spel. Så er ho også ein framifrå musikar og ein varm formidlar som har greidd å kaste nytt lys over tradisjonsmusikken og bringe den ut til nye lyttargrupper. Hennar mangeårige musikalske fylgjesvenn, svenske Roger Tallroth er ein ikkje desto mindre unik utøvar på gitar. Med ein distinkt og eigenarta speleteknikk og sin spesielle måte å stemme 12-strengaren sin på har han etablert ein standard for gitaristar verda over. Framfor alt har Tallroth ein stor og varm og klang i gitaren som fyller kva rom det skal vere. Det er berre å gle seg til sesongopning og ein vakker førsommarskveld i Rosekyrkja med to av Skandinavias fremste folkemusikarar.



Julie & Andreas

Julie Rokseth – harpe Andreas Rokseth – bandoneon

ROSEKYRKJA 6. JULI KL 1930



Syskenparet Julie og Andreas Rokseth frå Trondheim er fremadstormande musikarar i den unge generasjonen. Instrumentsamansetjinga er like spennande som den er sjeldan; harpe og bandoneon! I dette formatet gjer dei gjennom nyskapande arrangement musikk i spennvidde frå argentinsk tango, via klassiske meistarverk til egne komposisjonar. Harpisten Julie har sitt utspring i miljøet rundt den legendariske harpisten og pedagogen Willy Postma. Etter Bachelorgrad med toppkarakter frå NTNU i 2011 har Julie samarbeida med artistar som Margareth Berger og Gunnhild Sundli og hatt oppdrag med fleire av landets profesjonelle orkester. Broren Andreas er for tida busett i tangoens heimland Argentina, og har fartstid frå ei rekkje av Norges fremste tangogrupper som Tangeros del Norte og Tango Ensillado. Han mottok Draumestipendet i 2007. Året etter vann han 1. pris i Accordeonwettbewerbens bandoneon category i Klingenthal, Tyskland. Velkommen inn i eit solfylt musikalsk sommarlandskap.

Morgondagens stjerner

Anne Wiik Larssen – sopran Bror Magnus Tødenes – tenor Mona Spigseth – klaver
ROSEKYRKJA 28. JULI KL 1930



Det er vanskeleg å unngå merkelappen "morgondagens stjerner" i omtalen av desse songarane som enno er i 20-åra men alleie på full fart ut i den store operaverda. Anne Wiik Larsen har mastergrad i song frå NTNU. Ho debuterte internasjonalt i hovudrolla som Marguerite i




Gounods "Faust" i fjor, og har her på berget hatt solistoppdrag med mellom andre Bergen Filharmoniske orkester, ved

Kirsten Flagstad-festivalen, Norsk Kammeropera og operaen i Kristiansund. I 2011 var Anne ein av to norske deltakarar under Dronning Sonjas internasjonale solistkonkurranse. Bror Magnus Tødenes er rotekte sunnmøring frå Eiksund. Han kombinerer songstudium i Roma og ved NTNU med ei stadig meir hektisk solistkarriere. Bror Magnus blir omtala som eit eksepsjonelt tenortalent, og mottok rett før nyttår Den Norske Operas prestisjetunge Erling Kroghs legat. For tida arbeider han tett med Kringkastings-orkestret der det er både TV-program og CD-innspeiling på gang. Medspelar i Rosekyrkja blir pianisten Mona Spigseth; framifrå akkompagnatør og klaverlærer ved NTNU-Institutt for musikk i Trondheim. Vi gler oss til operaperler på løpande band; frå La Boheme, Carmen, Elskovsdrikken med fleire, krydra med songar av Rachmaninov og vår eigen Grieg.

Prosjekt Hjørundfjord

Ingeborg Refsnes - fotografisk salsstilling

LØSETSTOVA 15. JUNI – 10. AUGUST



Ingeborg Refsnes er fødd i Ørskog og fotograf som har jobba som kunstnar i fleire år gjennom ei stilling i Adresseavisen, som teilem i Fjordegalleriet og som tilsette i kommunen etter tre år i dånno kommunelane. Ho er i dag og styrer klassert med kunst i Hjørundfjord. Hjørundfjord kunstlaget har triga i samarbeid med pressefotografen som i dag er fotograf i galleri i Hjørundfjord.

sine historier. Med "Prosjekt Hjørundfjord" har arbeidet med å skildre dei reining, men det er framleis dokumentaristen i ho som er drivkrafta. Fotografen er på stadig jakt etter nye stemningar og komposisjonar og blir dagleg fengsla av kampen mellom lys og mørke. Fotografia er trykta på aluminium, eit materiale fotografen kjenner kler dei rolle i landskapet.

Jazzen etter Bill Evans

Utsøkt nordisk kammerjazz

Aage Lunde – piano Mads Vinding – bass Aage Tanggaard – trommer
GOMER TUNET 8. AUGUST KL 2100

(Arbeid med Fjord Cadenza)

Forenkelt billett via Fjord Cadenza tlf. 466 51 225



Vellikheten i jazz har bakgrunn som kulturskolelærer, rektor og dirigent og mangt og musikkalsk arbeid i flere av landets. Av lokale medarrangører er først Peter Opsvik i Hjørundfjord og deretter Rosekyrkja i Bergen. I tillegg til ny CD i 2013 har de også samarbeid med S. Bach; Das Wohltemperierte Klavier. Tilreisning med de lokale avnbaserte stjernemusikarane Aage Tanggaard på trommer og Mads Vinding på bass. Sistnemnde har samarbeidspartnere som Herbie Hancock og Brian Auger Olsson. Aage Lunde's klassiske pianotrio har utgitt ei bok til all norsk jazz midt på 1900-tallet. Evans' inspirasjonskjelde er pianisten og klangmeisteren Bill Evans. Denne konserten har vi fått gjennom Skodje, som ledd i samarbeidet med Fjord Cadenza.



Music for a while

Tora Augestad – song Stian Carstensen – trekkspel (Mathias Eick – trompet) Martin Texe – klaver Pål Hausken – trommer Ingar Hunskaar – lyd
DYRKORNFABRIKKEN 14. AUGUST KL 1930

Norges ukrona cabaretdronning Tora Augestad er busett i Bergen og flyt mellom cabaret, opera, jazz og pop. Ho er aktiv ved festivalar og musikkteaterscener over heile Europa. Ho har samarbeida tett med verdsleiarer som tidlegare Ensemble Modern i Wien og Ensemble Modern, og har samarbeida med operahusa i mellom anna Warszawa (Eusebio Delli (Starbopper) og Zurich - ved sistnemnde, saman med sopranen og dirigenten Sofie von Otter og stjerneregissøren Christoph Marthaler i Kulturbyen i Wien. Tora saman med multimedialt entertainer Stian Carstensen, trompetfenomenet Mathias Eick (åra til verdsleiarer i unge jazzent 2006 av JFO New York) saman med dirigenten og komponisten jazzmusikarar. Ensemblet som har hausta euforiske reaksjonar for sine plater og konsertar, bevegar seg frysjonsfritt over sjangergrenser og set vår europeiske musikarar i ein nytt lys. Dette er musikkformidling fri for konvensjonelle og etablerte sanningar med improviserande musikarar i verdsklasse. Vi snakkar om "Music for a while" og sesongavslutning i Dyrkornfabrikken 14. august.

